



## Føredragshaldar

Dag Einar Bøtun driv eigen gard i Fresvik, med mange ulike produksjonar. Sau, bringebær, blåleddved og aprikos er noko av fleire ting du kan finne på Bøtun gard. Han produserer eiga økologisk eplesaft «Edle dråpar», driv med utleige av seter og har oppretta eit firma som tilbyr guida turar i Fresvik. Ved sidan av gardsdrifta har Dag Einar også utvikla eit eige plukkeverktøy for bringebær, noko som gjorde at han i 2021 blei nominert til Gartnerhallen sin innovasjonspris. «Målet mitt er å skape ein arbeidsplass som eg trivst med og som er lønsam. Ikke berre for meg, men også for generasjonane etter meg.



## SOGN REGIONRÅD

Sogn regionråd er eit samarbeidsorgan eigd av dei seks kommunane i Sogn: Aurland, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal. Sogn regionråd jobbar for å styrke grunnlaget for busetnad og næringsliv, mellom anna gjennom entreprenørskap og kvalitetsutvikling av barnehagane og skulane i Sogn. Messa i Vik er den 14. i rekka som stiftinga Ungt Entreprenørskap, Sogn regionråd og årets vertskommune arrangerer for ungdomsskulane i Sogn.

### Samarbeidspartar:




**Sogn  
SPAREBANK**



**Sognekraft**



**Statkraft**



**Vik kommune**



**#velkomentivilvik**



**System for  
styrka læring**  
Barnhage- og skoleutvikling i Sogn 2022 - 2030

Ei stor takk til våre sponsorar!

gastano | FramsidaFoto: Anette Rinde Fosse

## VELKOMMEN TIL ENTREPRENØRSKAPS MESSE!

**Idrettshallen Blixhalli i Vik  
25.april 2023 frå kl 10:15 til 14:30**



**UNGTE  
PRENOR  
SKAP  
WESTLAND**

# Initiativ, skaparlyst, kreativitet!

Ordførar Roy Egil Stadheim



# Velkommen til entreprenørskapsmessa i Vik


Hjarteleg velkommen til Vik den 25. april og den 14. entreprenørskapsmessa i regi av Sogn regionråd og Ungt Entreprenørskap.

Oppskrifta på suksess er å vilje noko, og deretter gå for det du trur på. Kva interesser har du? Kva draumar har du for framtida? Kva yrke skal du velje for å få draumane realisert i Sogn? Ikkje noko er viktigare enn ungdommen sitt engasjement med initiativ og skaparlyst. Entreprenørskap i skulen handlar om kreativitet og nytenking. Det handlar om å sjå verdien av alle faga på skulen og bruke dei på spannande måtar. Entreprenørskap er samarbeid og samspel mellom mange, og ikkje minst trua på eigne mål og krefter. Grip sjansane som byr seg! Det er du som er sjef over eiga framtid!

Vik har eit variert næringsliv, og er særleg kjend for industrieventyr, kraftproduksjon, teknologi og eit levande landbruk. Vårt eige fengsel har me og. Vik har ein fantastisk natur som inviterer til friluftsliv og aktivitetar på fjellet, i skogen og på fjorden. Me gler oss til å syna deg kva Vik har å by på, gjennom godt vertskap, spennande næringsliv og flott natur. Me ser fram til å sjå kreative produkt og spennande elevbedrifter. Lykke til alle saman! Eg håpar de får ein fin og inspirerande dag i Vik.

Roy Egil Stadheim, ordførar

Konferansierane fv: Lasse Engan Pettersen,  
Sofie Tenold, Sander Christensen og Mikkel Tryti



## Program

Kl. 09.30 – 10.15 Rigging / klargjering av elevbedriftene

Kl. 10.15 – 10.45 Opningsarrangement

Kl. 10.45 – 14.00 Besøk på stand, plenumsføredrag og besøk til lokale bedrifter

Kl. 14.00 – 14.30 Avslutningsarrangement med premieutdeling